



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 29.08.2023
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 10:00 - 16:00

Orienteringar:

- Status busetting flyktningar
- Prosjekt "Arbeid for alle"
- Oppvekstplan
- Statnetts arbeid med ny transformatorstasjon
- Status arbeid med sti til dagsturhytta

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	Meldt forfall
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
028/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/2023	Godkjenning av møteprotokoll
030/2023	Referatsaker
031/2023	Orienteringssaker

Notat frå møtet:

028/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

029/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

030/2023: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

031/2023: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte nærare om:

- Dialog med NVE om status for vilkårsrevisjon.
NVE arbeidar med alle innspel som har kome, og vil sannsynlegvis sende innstilling i saka over til departementet hausten 2024.

- Formannskapet drøfta framdrift knytt til laksetrappa. Ordførar tar kontakt med BKK ang status på utbetring.
- Statnetts arbeid med ny transformatorstasjon
Søknad om konsensjon er til handsaming hos NVE. Statnett jobber med detaljplan for veg som er rekna å få ferdig våren 2024. Det er planlagt fleire punktutbetringar og nye bruer. Formannskapet drøfta rekna belastning på kommunal veg knytt til dette og viktige punkt å få synleggjort ovanfor Statnett. Det vart vidare drøfta påverknadene av ein slik stasjon mtp. lysforureining og korleis kommunen kan sikre at ulike omsyn vert vurdert inn i utbygging og drifta av eit slikt bygg.

Administrasjonen orienterte nærare om:

- Status busetting flyktningar
Det er i løpet av siste månaden busett fire nye flyktningar i kommunen, og administrasjonen følgjer tett opp og legg til rette for ein fleksibel oppfølging. Det er ledige bustader som er klare for busetting så snart ein får anmoding om fleire, og det førebust no på å busette ein familie til i løpet av hausten. Det vert i dag kjøpt plassar på språkopplæring frå Masfjorden kommune, og kommunen koordinerer mellom anna dette sammen med språkpraksis i Modalen kommune.
- Prosjekt "Arbeid for alle"
Rapport frå prosjektet er ferdigsstilt og vert lagt fram for kommunestyret i førstkomande møte.
- Oppvekstplan
Ein nærare orientering vert gitt i kommunestyret i førstkomande møte.
- Status arbeid med sti til dagsturhytta
Teknisk sjef orienterte om status for arbeidet. Stien er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen og idrettslaget, og det er firmaet "Stibyggeren" som utfører arbeidet.
- Planlagte prosjekt ved teknisk
Teknisk sjef orienterte kort om planlagt vegarbeid og asfaltering på kommunale vegar/område, oppgradering av bowlinganlegg, byggeprosjekt kyrkjelydstomt og status oppfølging av ras på ferdavegen.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering
